

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 11.08.2016
SAKSHANDSAMAR: Ivar Eriksen
SAKA GJELD: **Statens eierberetning 2015**

ARKIVSAK: 2012/376
STYRESAK: **103/16**

STYREMØTE: **07.09. 2016**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek «Statens eierberetning 2015» til orientering.

Oppsummering

Nærings- og fiskeridepartementet har publisert dokumentet "Statens eierberetning 2015". Dokumentet gir ein oversikt over staten sitt direkte eigarskap og omtalar mellom anna selskapa si utvikling og viktige hendingar siste kalenderår.

Fakta

I «Statens eierberetning 2015» gir Nærings- og fiskeridepartementet ein oversikt over og omtale av alle selskap med statleg eigardel, med vekt på utviklinga i selskapa i fjor. Openheit kring den statlege eigarskapsutøvinga og om verksemda i selskapa er grunnpilarar i det statlege eigarskapet, og Statens eierberetning er eit bidrag til dette.

For 2015 er det teke inn eit eige kapittel om staten sin eigarstyring, mellom anna for å gi eit nærare innblikk i korleis staten som eigar utøver sitt eigarskap i praksis.

Selskapa er delt inn i fire kategoriar ut frå staten sitt mål med eigarskapet:

1. Selskap med forretningsmessige mål
2. Selskap med forretningsmessige mål og nasjonal forankring av hovudkontorfunksjonar
3. Selskap med forretningsmessige mål og andre spesifikt definerte mål
4. Selskap med sektorpolitiske mål

Dei regionale helseføretaka er omtala på side 114 – 117.

Kommentarar

I omtala av viktige hendingar i Helse Vest er det peikt på at Helse Vest i 2015 hadde gode resultat når det gjeld kvalitet og økonomi. Det er vist til at satsing på god dialog mellom pasient og sjukehus, betre organisering, pasienttryggleik og felles systembygging har prega året, og at dette har vore viktige bidrag til å styrke pasienten sin helseteneste.

«Statens eierberetning for 2015» og tidlegare utgåver av dokumentet er tilgjengeleg på internett; www.eierberetningen.no.